



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

ÅRSMELDING 2021 for Ikornnes Sokneråd

Vi har hatt følgande medlemmer:

Magnar Vigstad	leiar
Janita K Eikemo	nestleiar + ansvarleg for Fasteaksjonen + med i BUF-utvalet
Anita Øvergård	referent

Øvrige rådsmedlemmer:

Ellen B Vatne	representant i Sykkylven Kyrkjelege fellesråd
Bergljot Hjortdal	representant i Sykkylven Kyrkjelege fellesråd
Ingmund Eliassen	
Erlend Lunde	

Varamedlemmer:

Stein Vedvik, Marius Flemsæter, Nora Talstad, Johanne Lade, Tone Djurhuus Langdal.

Av disse har Stein Vedvik møtt nokre gongar i løpet av året, samt at han også er i Diakoniutvalet.

Aktivitetar:

Vi har hatt 8 ordinære soknerådsmøter samt ein dugnad på uteareala i mai.

Fasteaksjonen gjekk føre seg digitalt.

Soknemøte 06.05. der vi behandla saka «Ordning for Hovudgudsteneste i Ikornnes Kyrkje». Kantor Rose Iren Stave deltok på dette møtet og kom med gode innspel.

Konsert / songkveld 09.05. kl 18 og kl 20 med nummererte plasser i forhold til CV19-reglar.

Magnar Vigstad deltok på strategisamling i Loen i august - saman med stab og soknerådsleiar frå Sykkylven.

Seniormiddag i Sykkylven Kyrkje 31.10. der Ikornnes Sokneråd var ansvarleg for servering og opprydding. 92 middagar vart servert, og det var kjekt program med song og allsong.

Fellesmøte med Sykkylven Sokneråd 02.11. - det var eit veldig godt møte. Og ut frå dette vart det sett ned eit «prioriteringsutval» beståande av Arild Sporsheim, Erlend Lunde, Kristin K Lohne, Rose Iren Stave, Bergljot Hjortdal, Therese Utgård og Astrid Breivik.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Vi har handsama 65 saker i 2021, alle møtetreferata ligg på heimesida www.sykkylven.kyrkja.no/om-oss/Sokneråda

Konfirmasjonar: nokre få i mai, men dei fleste valde å flytte til hausten (oktober), og vart flott gjennomført.

Jippi-koret har halde drifta i gang så langt det har vore mulig. Godt samarbeid med SFO på skulen.

Mange av gudsteneste har blitt streama for å nå ut til fleire (pga restriksjonar på antal oppmøtte).

Julekonserten i regi av musikkskulen, kor og korps vart flytta til Sykkylven Kyrkje pga smitteverns-restriksjonar.

Julevandring for alle barnehagane v/Anna Myklebust og Rose Iren Stave.

Den planlagde juletrefesten 5. desember vart dessverre avlyst pga smitteforholda i bygda i desember.

Bemanning:

Erlend Lunde sa dessverre opp stillinga si i vår, men har virka som vikarprest ut heile 2021. Vi har hatt ute søknader i to runder, og i september hadde vi intervju med ein kandidat. Denne vart ikkje tilsett, men no (mars 2022) ser det ut til at vi skal ha ny prest på plass ca frå sommaren av.

Elles så har det vore litt utskiftingar i staben sentralt: Katrine Numme slutta som ungdomsarbeidar, og Anna Myklebust slutta som trusopplærar – begge i juli 2021. Og sokneprest Simen Myklebust har vore ute i permisjon store delar av året.

Så det har vore litt ekstra utfordringar for staben med mange vikarprestar i løpet av 2021.

Økonomi:

Ved utgangen av 2021 har Ikornnes Sokneråd kr 599.690.- i diverse fond. Kollekt i gudstenester for 2021 er kr 30.849.- og tilskudd/gaver kr 31.198.-

For øvrig:

I Ikornnes Kyrkje har det i 2021 vore 27 gudstenester (med 1322 deltakarar), 7 dåpsborn, 1 vigsel og 13 konfirmantar.

Vi har søndagsskule i samband med gudstenestene. Det er frivillige som stiller opp og drifter dette.

Konfirmantarbeidet har vore drive av Guro Bjørnevik, Rose Iren Stave og Erlend Lunde.

Konfirmantlaurdagar 02.10. og 20.11. Konfirmantane deltok i loddosal for kyrkjemessa.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Barnekora i regi av kyrkja hadde stiftingsmøte 10. februar og vart sjølvstendige einingar – ikkje lenger som del av sokneråda. Både Sykkylven Barnekor og Ikornnes Barnekor er begge med i organisasjonen Ung Kyrkjesong Nidaros-Møre. Denne organiseringa kjem pga reglane for Frifondstøtte.

I januar 2021 var det 30 år sidan Rose Iren Stave starta som kantor her i bygda. 11. mai fekk ho overrekt Norges Vel medalje i sølv av ordføraren i Sykkylven.

Vegen vidare:

Grunna dagens bemanningssituasjon i staben har sokneråda saman med Prioriteringsutvalet gjort vedtak om å redusere med til saman 10 gudstenester frå januar 2022 fram til at sokneprest Simen Myklebust er tilbake. I hovudsak løysast dette med at det ikkje blir samtidige gudstenester i Sykkylven kyrkje og Ikornnes kyrkje. I tillegg til prestevikarar har vi tre gudstenesteleiarar som kan ta ansvar for nokre gudstenester.

Det vert også spennande å starte samarbeidet med den nytilsette presten «vår» Knut Farstad, han starter i stillinga 1. juni 2022.

For Ikornnes sokneråd

Anita Øvergård – skrivar

Magnar Vigstad - leiar

